

## Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite

### Rettleiing SMIL midlar for perioden 2021-2024

#### Vilkår:

Viser til § 2, § 3 og § 4 i Forskrift om tilskot til særlege miljøtiltak i jordbruket FOR-2004-02-04-448 sist endra FOR-2019-12-20-2139 med verknad frå 01.01.2020.

#### Søknad:

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema LDIR- 430 N *Søknad om tilskot til Spesielle Miljøtiltak i jordbruket (SMIL)*. Du finn elektronisk skjema ved å gå inn [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) velg deretter skjema i høgre marg og søk opp skjemaet »Søknad om Spesielle miljøtiltak i jordbruket« og logg inn på skjemaet med Bank-id. Sjå elles rettleiing på søknadsskjema og Strategiplan for SMIL midlar 2021-2024 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Strategiplanen skal ligge på heimesida til kommunane under landbruk. Visst du ikkje finn den der ta kontakt med Herøy kommune, avdeling Landbruk, Nedre Dragsund 2, 6080 Gurskøy eller på e-post til [landbruk@heroy.kommune.no](mailto:landbruk@heroy.kommune.no)

Vi gjer merksam på at søknaden ikkje vert handsama før den er fullstendig med alle opplysningar og vedlegg. For å ha rett på tilskot til tiltaket (prosjektet), kan ikkje arbeidet startast opp før det er løyvd midlar til tiltaket. Ved løyving vert det gitt inntil 3 års arbeidsfrist som etter skriftleg søknad kan forlengjast med inntil 2 år.

#### Vedlegg som skal liggje ved søknaden:

- Arbeidsutgreiing og kostnadsoverslag for tiltaket
- Grøftkart i målestokk 1:1000 eller 1:2000  
(Ved førespurnad kan landbrukskontoret utarbeide plan med grøftkart og kostnadsoverslag.)
- Arbeidet skal utførast fagmessig med godkjende drencrør og dekkmateriale.
- Oversiktskart i målestokk 1:5000
- Gjødselplan
- Sprøytejournal
- Kart i målestav 1: 5000 over eige og leigd areal som føretaket disponerer
- Alle miljøverdiar, samt areal der det er risiko for tap av jord og næringsstoff, skal kartfestast og beskrivast, jamfør forskrifta §6
- For søknad om tiltak på leigd areal må det ligge føre skriftleg leigeavtale på arealet på minimum 5 år. Kopi av leigeavtalen må ligge ved søknaden

#### Tiltaket:

*Tiltaket gjeld berre vedlikehaldsgrøfting på gamal kulturmark og innmarksbeite.*

*Vedlikehaldsgrøfting på dyrka mark kjem no inn under tilskotsordninga «Tilskot til drenering av jordbruksjord».*

**Timepris:**

Eige arbeid:

- Kr. 350 pr. time.
- Kr. 50 pr. time i tillegg for bruk av motorsag.
- Kr. 550 pr. time for bruk av eigen traktor med førar.

Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarende.

Leigd arbeid:

- Kr. 350 pr. time.

**Tilskotsats:**

Inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag avgrensa til kr. 2500,00 pr. daa.